

Pressemelding frå Sunnhordland Kraftlag AS (SKL)

ÅRSREKNESKAP 2024 FOR KONSERNET SKL

I starten av Ukraina-krigen var energimarknaden prega av ekstreme prisar. I dei tre åra som har følgd har prisane falt jamt. Det gjeld òg for 2024, då energiprisane var lågare enn året før. Sunnhordland kraftlag (SKL) har likevel ei god omsetning på 1 878,5 mill. kroner, og resultat etter skatt på 436,3 mill. kroner.

SKL produserte 2 455 gigawatt-timar (GWh) med vasskraft. Det er 19 GWh lågare enn det som er rekna som middelproduksjon. I tillegg vart det produsert 128 GWh med vindkraft gjennom SKL sitt eigarskap i Midtfjellet Vindkraft AS. SKL overtok vindkraftanlegget 27. september 2024.

Nok eit godt år

– Det har vore eit spennande år i SKL. Me har utvida produksjonen vår av fornybar energi med vindkraft, og me har fullført bygginga av eit stort vasskraftanlegg, Løkjelsvatn, i Etne. Til saman produserte SKL fornybar energi tilsvarande gjennomsnittsförbruket til over 160 000 husstandar i 2024. Anlegga våre hadde svært god oppetid, det vil seia at dei i stor grad har vore i stand til å produsera når me har trengt det. Det er me godt nøgde med, seier han, seier John Martin Mjånes, administrerande direktør i SKL

SKL sel all kraft til prisen som til ei kvar tid er i marknaden, med unntak av krafta som er omsett i Midtfjellet Vindkraft AS, der om lag 70% av krafta er førehandsselt. Totalt betalar SKL 913,1 mill. kroner i skattar og avgifter i 2024, og deler ut 260 mill. kroner i utbytte.

SKL sine mål er å drifta, utvikla og bygga fornybar kraft på ein forsvarleg og kostnadseffektiv måte. Samla investeringar for konsernet i 2024 utgjer 1 501,7 mill. kroner. Av dette utgjer 1 246,5 mill. kroner kjøpet av Midtfjellet vindpark. Slutføring av Løkjelsvatn kraftverk i Litledalen i Etne utgjer cirka 46,7 mill. kroner. Andre store postar er investering på 51,8 mill. kroner i småkraftverka Litledalen og Hardeland, også i Etnevassdraget. Resten av investeringane har i hovudsak gått til reinvesteringar i eksisterande anlegg, herunder oppgradering av dammar, bygg, med meir. SKL har også gjort mindre finansiell investering i selskap innan hydrogenproduksjon.

Vasskraftproduksjonen

For SKL var vasskraftproduksjon i dei store anlegga totalt 2 319 GWh i 2024. Det er 2 GWh eller cirka 0,1% mindre enn det som er rekna som middelproduksjon. Dei konsoliderte småkraftverka hadde ein produksjon på 136 GWh, mot middelproduksjon som er 153 GWh. Total nedbør i Matre i Kvinnherad, der SKL har sitt største anlegg i Blådalsvassdraget, vart 3443,3 mm som er 4,5% høgare enn eit gjennomsnittså.

Vindkraft

SKL overtok 95% av Midtfjellet Vindkraft den 27. September. Frå då og resten av året produserte parken 128,2 GWh. Den totale årsproduksjonen var 404,7 GWh som er

4,47% lågare enn forventa i eit normalår (423,7 GWh). Midtfjellet har førehandsselt 297 GWh til ein pris på 26,4 øre/kWh.

Helse, miljø og tryggleik

I 2024 hadde SKL ingen skader med fråvær (H1), men ein skade utan fråvær (H2). Talet for H1 var derfor 0 og talet for H2 9,8. Tilsvarende tal for 2023 var ein skade med fråvær, og H1- og H2-verdi lik 10,1. Samla sjukefråvær var 3,4%, mot 3,9% i 2023.

Årsrekneskapen vart handsama i styret 24. februar 2025. Styret tilrår ovanfor generalforsamlinga ei utbetaling til aksjonærane på 400 mill. kroner. Generalforsamlinga vert halden 22. april.

Om SKL

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit konsern innan produksjon- og utvikling av fornybar kraft. SKL sin kraftproduksjon ligg i all hovudsak i Vestland- og Rogaland fylke. Hovuddelen av kraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådalsvassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen- og Hardeland Kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandssosen kraftverk i Fusa, Rødne Kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8,75%) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54%) i Rogaland og Aust Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 451 GWh inkludert konsoliderte småkraftverk. I tillegg eig SKL 95 % av Midtfjellet Vindkraft, der andelen av den totale forventa produksjonen er 402,4 GWh.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i eigne dotterselskap og tilknytt selskap. I konsernet inngår 13 småkraftverk i eigne selskap. Desse er alle sett i drift med ein total midlare kraftproduksjon på 153 GWh. Gjennom tilknytt selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 135 GWh.

Selskapet deltar også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saudefaldene.

Driftssentralen som overvaker og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovudkontoret til selskapet.

KONTAKTPERSONAR

Adm.dir John Martin Mjånes 53 49 60 00 / 97 55 60 09

Økonomisjef Knud Nagell Dahl 53 49 60 00 / 97 55 61 90